

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 15. oktober 2020 15:39  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 36/2020, 15. OKTOBER

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 36/2020, 15. OKTOBER**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **EIRIK SØVIK HAR FÅTT PROFESSORKOMPETANSE I BIOLOGI**

[Førsteamanuensis Eirik Søvik](#), AHL, har fått opprykk til professor i biologi. Søvik vart tilkjent kompetansen då han søkte på ei stilling ved Høgskulen på Vestlandet.

### **BEATRICE REED HAR DISPUTERT**

Høgskulelektor Beatrice Reed, AHL, har disputert i litteraturvitskap ved Universitetet i Oslo. Avhandlinga har tittelen: "Natur og menneske i Stina Aronsons nordlige ødemarksfortellinger. En økonarratologisk analyse." [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **MUSIKKVIDEO OM KORONA-SAMVÆR PÅ STUDENT-TV: "SAMMEN UNDER PANDEMIEN"**

Ein gjeng mediestudentar har laga ein musikkvideo der studentkvardagen under koronaen blir tatt på kornet, med ei god blanding av ironi, avstand og småsår humor med handsprit, munnbind og einsemd som gjennomgangstema. Videoen er filma under solrike haust dagar i Volda i eit samarbeid mellom studentar på journalistikk og medieproduksjon - og har blitt effektivt distribuert på sosiale media og fått fleire tusen sjåarar. [Sjå videoen her.](#)

### **STUDENTREPRESENTANTAR I HØGSKULESTYRET: ATTVAL PÅ LANGELAND, OPPRYKK FOR SJØHOLT**

Studentane har valt nye studentrepresentantar til høgskulestyret for 2020-2021. Noverande representant Simen Jester Langeland, AMF, vart attvald for eitt nytt år. Den andre studentrepresentanten vart Stine Mari Sjøholt, AHL, som i 2019-2020 har vore vararepresentant. Vara for Langeland er Mats Ekeberg, AHL og for Sjøholt er Victoria Nerlid Forsland. [Les meir om valet på nettsidene våre.](#)

### **STUDENTRADIOEN HAR KOMME PÅ DAB**

Volda Studentradio kan no høyrast på DAB på same frekvens som Bygderadioen. Studentradioen sitt program finn du på [Facebook-sida deira](#), og dei sender no i haust på måndagar og tysdagar kl 18-21.

### **STUDENTRADIOEN (2) HELGESENDING I 24 TIMAR - STØTTAR TV-AKSJONEN**

Laurdag 17. og søndag 18. oktober vil Volda studentradio sende 24 timer og bidra til å samle inn pengar til TV-aksjonen. To programleiarar skal leie sendinga i eit døgn og dei ansvarlege seier det blir "masse gøye innslag og utfordringer". [Her er meir om årets TV-aksjon: "Et hav av muligheter" som støttar Verdás villmarksfond \(WWF\) sitt arbeid for å bekjempe plast i havet.](#)

### **DIGIGLU-KONFERANSE PÅ NETT: DIGITAL SKAPARKRAFT 12.-16. OKTOBER**

Den digitale konferansen "Digital skaparkraft" 12.-16. oktober handlar om profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanning og skule. Filmar frå konferansen vert tilgjengelege også etter at konferansen er ferdig. [Les meir på nettsidene våre.](#)

### **OKTOBER ER PSYKISK HELSE-MÅNAD FOR STUDENTAR**

Velferdsgruppa for studentar ved Høgskulen i Volda har i oktober ei rekkje arrangement som tek sikte på å gjere studiekvardagen trivlegare for studentar, noko som ikkje er mindre viktig i desse koronatider. [Les meir om dette på nettsidene våre.](#)

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

#### **PUBLISERINGAR (2) VAADAL OG DAHL I "JOURNAL OF YOUTH STUDIES"**

[Stipendiat/spesialbibliotekar Kristine Vaadal](#) og [førsteamanuensis Silje L. Dahl](#), ASH, har publisert artikkelen "[Maturing out of 'binge drinking': young adult women's performance of age and gender in times of transition](#)" i tidsskriftet Journal of Youth Studies. Publiseringa er ein del av Vaadals doktorgradsprosjekt.

#### **PUBLISERINGAR (3) YTTREDAL OG HOMLONG I "ATHENS JOURNAL OF TOURISM"**

Forskar Else Ragni Yttredal og [professor Nathalie Homlong](#), ASH, har publisert artikkelen "[Travel Format versus Nationality as Drivers of the Perception of Crowding in a Rural Tourist Destination](#)". Publiseringa er gjort som ein del av prosjektet [SUSTRANS \(Sustainable Transportation in Rural Tourism Pressure Areas\)](#).

#### **PUBLISERINGAR (4) VATNE OG SØNDENÅ I "DIALOGIC PEDAGOGY"**

[Dosent Bente Vatne](#), AHL, og [professor Il Kari Søndena](#), AHL/UiS, har publisert artikkelen "[Subjectivity and change in process of supervision](#)" i tidsskriftet Dialogic Pedagogy: An International Online Journal.

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

22.10.2020: Personalseminar, AKF

23.10.2020: [Disputas Kim-Daniel Vattøy](#), NTNU

27.10.2020: Avdelingsseminar, ASH, Hotell Ivar Aasen

28.-29.10.2020: [Utdanningsdagane](#) (digitalt)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

25.11.2020: Disputas [Oda Heidi Bolstad](#)

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen

11.12.2020: Semesteravslutning ASH, kl 13.00 i BK Kantina

10.12.2020: [Styremøte](#)

#### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

#### **REKTORBLOGGEN**

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

#### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

